

14. DESEMBER 2022



Arbeidarpartiet



BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

FELLES BUDSJETTFORSLAG

Innleiing

Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti samarbeider om felles forslag til budsjett og økonomiplan 2023-2026.

2023 og følgjande periode er ein krevjande periode for Sauda kommune og innbygarane i kommunen. Det er stor lønns- og prisvekst, noko som gjer at utgiftene til kommunen veks meir enn førespegla i tidlegare vedtekne økonomiplanar.

Sauda kommune har neste år større inntekter frå kraft enn tidlegare år. Mykje av dei ekstraordinære inntektene er det varsla at staten skal inndra over rammetilskotet. Budsjettet tek høgde for dette, og det er avsett totalt 52 millionar kroner. I tillegg er budsjettet justert med ein auke i eigedomsskatteinntektene frå kraftverk etter siste oppdaterte eigedomsskattegrunnlag.

Samla budsjett legg opp til eit brutto driftsresultat på 13,3 % av driftsinntektene og eit netto driftsresultat på 10,7%. Det er forventa eit overskot på over 57 millionar kroner. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

Sauda kommune har ei drift og eit utgiftsnivå som er langt høgare enn ein kan tillata over tid. Det har vore eit vedtatt mål om å ta ned utgiftsnivået og gjera seg mindre avhengig av kraftinntektene. Samarbeidspartia har over tid hatt fokus på innsparingar og har sett i gong prosjektet Omstilling Sauda 2025. Prosjektet har fokus også i 2023, og det er forventa å sjå resultat ved 1. tertial

For innbygarane aukar dei kommunale utgiftene. Dette kjem i tillegg til den generelle prisveksten i samfunnet. Folk er forventa å få trongare økonomi. Samarbeidspartia har gjort grep for å dempa veksten i kommunale avgifter i budsjettet. I tillegg vil ein setta fokus på spesielt utsette grupper og utgreia kva kommunen kan gjera for desse.

Det er lagt opp til eit svært lavt investeringsnivå i budsjettet. Ein vil prioritera å fullføra allereie vedtekne prosjekt før ein set i gong nye. Dette vil senke låneramma og renteutgiftene til kommunen.

Felles endrings- og tilleggsforslag frå Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti

Økonomioppfølging og budsjettkontroll

Ein vil ha god informasjon og oppfølging av den økonomiske situasjonen til kommunen gjennom året. I tillegg vil er det ein politisk forventning om at Omstilling Sauda 2025 skal gi resultat. Ein legg derfor inn ei bestilling til kommunedirektøren om dette.

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram økonomistatus og oversikt over budsjettkontroll for drift i alle ordinære formannskapsmøte som ikkje har tertialrapportering. Ferdigstilte prosjekt skal rapporterast i påfølgande tertialrapport med eit forenkla prosjektrekneskap for prosjektet samla. Det skal og rapporterast på oppfølging av politiske vedtak.

Omstilling Sauda 2025

Samarbeidspartia ser arbeidet med å ta ned utgiftsnivået som svært viktig. Skal Sauda kommune gjera seg mindre avhengig av svingande kraftinntekter og trygga økonomien til kommunen, så må utgiftsnivået ned. Det er og viktig å kunna setta av midlar til å møta framtidige utfordringar og kunne sette i gong utviklingstiltak.

Kommunestyret ser med bekymring på bruken av kraftinntekter inn i drifta av kommunen. Det er ei forventning om at arbeidet med Omstilling Sauda 2025 gir resultat allereie i 2023. Formannskapet skal orienterast fortløpande om arbeidet med Omstilling Sauda 2025. Det skal ved tertialrapportering rapporterast om framdrift i omstilling Sauda 2025 og vidare planar for å styrka drifta til Sauda kommune. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei budsjettjustering i 1. tertial der årseffekten av innførte PWC-tiltak og oppdaterte prognosar på kommunens utgifter til straum er med.

Trekk i rammetilskot for konsesjonskraft

Regjeringa har varsla eit eittårig trekk i rammetilskotet til kommunar med inntekt frå konsesjonskraft. Forslaget inneberer eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 milliardar kroner frå kommunar med inntekt frå konsesjonskraft som ligg i Sør-Norge. Trekket er berekna til rundt 27% av dei reelle ekstraordinære inntektene kommunane har. Samarbeidspartia meiner kommunedirektørens anslag er for lågt og vil setta av meir av kraftinntektene slik at kommunen ikkje må justera budsjettet når den endelege fordelinga kjem i revidert budsjett.

Kommunestyret aukar trekket i rammetilskot som følge av ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft til totalt 52 millionar kroner. Rammetilskudd reduserast med 41 millionar kroner og avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarande.

Støtte til næringslivet.

Samarbeidspartia er uroa for korleis næringslivet i kommunen skal handtera det høge prisnivået på varer og straum gjennom vinteren og året 2023. Kommunen har ekstraordinære inntekter i 2023, og partia vedtar å setta av 10 millionar av dette for støtte næringslivet i kommunen. Ordninga blir eit-årleg og er knyta opp til dei ekstraordinære inntektene

kommunen får frå kraftsal. Dette grepet vil derfor ikkje auke driftsnivået til kommunen i framtida. Fleire kraftkommunar rundt oss (bla. Hjelmeland, Suldal og Ullensvang) har innført eller gjort vedtak om ulike ordningar til næringslivet. For Sauda KF får i oppdrag å laga ordningar som passar for Sauda.

Innretning på støtteordning til næringslivet:

- *Støtte til bedrifter som har høge ekstraordinære utgifter dei ikkje klarar å henta inn på inntektsida.*
- *10 millionar tilføres For Sauda KF i budsjettet. Avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarande.*
- *Administrasjonen i For Sauda KF skal utgreie korleis innretninga skal gjerast, og om det skal innførast ulike ordningar for å treffa ulike delar av næringslivet.*
- *Midlane disponerast av For Sauda KF og kan nyttast til Sauda Bedriftskapital AS og ei eiga støtteordning, samt administrasjon av ordninga.*
- *Ein skal halda seg innanfor «bagatelmessig støtte» i statsstøtteregulverket.*
- *Styret i For Sauda KF gjer vedtak om støtte til bedrifter.*
- *Ordninga er midlertidig - og skal avsluttast om det ekstraordinære kostnadsnivået normaliserer seg. Då kan midlane nyttast av For Sauda KF til anna næringsutviklingsarbeid.*
- *Ordninga skal ikkje gjelda for kraftintensiv industri.*
- *Støtte skal ikkje nyttast til utbytte.*
- *Kommunestyret skal ha ordninga til politisk behandling og haldast orientert om bruken av ordninga.*

Redusert gebyr på Vatn og Avløp

Samarbeidspartia meiner auken i gebyr for vatn og avløp er for stor for 2023. Auken skyldast fleire faktorar, der renteauke, bruk av fond og auka straumutgifter er dei store drivarane. Partia meiner det er rett å bruka dei auka inntektene frå sal av kraft til å dekkja den delen av avgiftsauken som skyldast auka straumutgifter. Ein tilfører derfor 4 millionar til VA-området i 2023. Partia antar at dette vil redusera dei kommunale avgiftene i snitt med rundt 2000 kroner for abonnentane. I tillegg vil ein be om ein sak der ein går igjennom VA-området for å få meir kunnskap om status og investeringsbehov i framtida.

Kommunestyret subsidierer kommunale avgifter på vatn med 2,3 millionar kroner og 1,7 millionar kroner på avløp i 2023. Beløpa tilsvarar auka straumutgifter på område vatn og avløp frå 2022 til 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justera sjølvkostgebyra på vatn og avløp for 2023 med denne endringa. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 4 millionar kroner.

Kommunestyret ber om ei orienteringssak om status på VA-området. Saka skal belysa investeringsbehov og etterslep på VA-nettet og utgifter til årlege reperasjonar - og kva som ligg under VA rammeplan.

Vurdering av tiltak for låginntektsfamiljar

Samarbeidspartia vil be om ei sak for å få kunnskap om kor mange som slit økonomisk, og om det bør gjerast tiltak for dette. I tillegg vil ein senka terskelen for å kontakta NAV.

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om økonomiske vanskar blant innbyggjarar i Sauda. Saka skal gi kommunestyret kunnskapsgrunnlag, vurdere om det er behov for tiltak, og ei utgreiing av korleis ein best kan nå målgruppa med tiltak. Tiltak som kan gjera terskelen lågare for å kontakta Nav skal belyst og om Sauda kommune praktiserer avkorting i stønad når staten aukar sine stønader. Kommunestyret ber og kommunedirektøren vurdere korleis Kulturkortet betre kan treffa aldersgruppa 15 - 18 år i saka.

Andre tiltak partia er einige om

Brukarbetaling eller privatisering av kommunale vegar og parkeringsplassar

Samarbeidspartia ber kommunedirektøren leggje fram sak til kommunestyret der ein ser på moglegheiter for brukarbetaling eller privatisering av kommunale vegar og parkeringsplassar der det er eit ønske frå grunneigarar og hytteforeiningar. Saka må sjåast i samanheng med PWC-tiltak #N9 og #N10.

Minnelund

Samarbeidspartia ber kommunedirektøren leggje fram ei sak første halvår 2023 om etablering av minnelund. Saka skal belyse plassering, utforming og kostnad.

Løypekøyning

Samarbeidspartia aukar posten i næringskapittelet for løypekøyning til 800 000 kroner. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 400 000 kroner.

Bustadsutvikling

Styringskort for Næring og samfunn oppdaterast med eit nytt overordna mål: - Fremma ei attraktiv og aldersvennleg bustadutvikling med bustader for både sal og utleige.

Solceller på kommunale bygg

Samarbeidspartia ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om planar for solceller på kommunale bygg. Saka skal visa kunnskapsgrunnlag. Det legges inn prosjekteringsmidlar i 2023 og investeringsmidlar i 2024 til prosjektet i budsjettet.

Vegar til utfartsområde

Vegar til utfartsområde legges inn i investeringsplanen som prosjekt E10. Midlane skal prioriterast etter kommunestyrevedtak i sak 081/2018.

Endring i gebyrregulativet for reguleringsplanar

Tillegg til kapittel 1 §5 og punkt d) Plansaker etter kapittel 12:

Følgande reguleringsformål er fritatt for arealgebyr:

- LNFR-områder(pbl § 12-5, nr 5)
- Friområde til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 3)
- Grav- og urnelundar(pbl § 12-5, nr 1)
- Områder for naturvern(pbl § 12-5, nr 5)
- Vern av kulturmiljø eller kulturminne(pbl § 12-5, nr 5)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur som skal være til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 2)

Endringer i investeringsbudsjettet

NR	Beskrivelse av prosjekt	Type	2023	2024	2025	2026
B1	Kjøleanlegg til ventilasjonssystem ungdomsskolen	Bygg		0		
B8	Prosjektressurs investeringstilskudd	Bygg	400 000	400 000	400 000	400 000
B20	Solceller kommunale bygg	Bygg	1 000 000	9 000 000	3 000 000	
C1	Bølgebryter Treaskjæret	Havn	200 000	5 000 000		
E10	Vegar til utfartsområde	Veg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
F1	Aktivitetsparker	UPI	800 000	800 000	800 000	800 000
F6	Ny kunstgressmatte	UPI	100 000	3 900 000		
G19	Prosjektressurs	VAR	0			

Forslag til vedtak

1. Inntektene for Sauda kommune består av rammeoverføring, skattar og avgifter, øymerka tilskot og sal m.m.

Driftsbudsjett

2. Årsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2024 - 2026, samt avgifter, gebyr og betalingssatsar for 2023 (vedlegg 2) vedtas med endringar i verbalpunkt 10-26.

3. Tallbudsjettet vedtas med brutto driftsresultat på 13,3 % av driftsinntekter. Netto driftsresultat utgjer 10,7%. For 2023 er det budsjettetert med eit overskot på kroner 57,25 millionar. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

4. Driftsbudsjettet vedtas med netto ramme. Det vil si utgifter minus inntekter er likt budsjett. Netto rammer er som følgande:

Politisk nivå og Fagleg stab og støtte	kroner 51 434 668
Oppvekst	kroner 110 207 347
Helse og velferd	kroner 202 840 130
Næring og samfunn	kroner 123 921 401
Netto driftsramme kraft	kroner -206 488 667
Avskrivningar og kalk/renter	kroner -54 910 506
Total netto ramme	kroner 227 004 373

Nettorammene er inklusive avskrivningar og kalkulatorisk kostnad (VAR), men eksklusiv avsetning til, og forbruk av fond.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å omdisponere innanfor rammene.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingar. Ledige stillingar skal bli nøye vurdert med omsyn til alternativ organisering for å løyse arbeidsoppgåver utan nyttilsettingar.

Investeringar

5. Investeringsbudsjett for 2023, hovudpostar:

Investering innanfor sjølvkost (VAR)	Kroner 8 250 000
Andre investeringar	Kroner 31 237 500
Startlån for vidareformidling	Kroner 10 000 000

Kommunedirektøren gis fullmakt til å omdisponere midlar i investeringsbudsjettet til vedtekne prosjekter. Delegasjonen er avgrensa til 1 million kroner. Ved omdisponeringar skal formannskapet orienterast.

6. Sauda kommune tar opp følgende lån i 2023:

VAR	Kroner 8 250 000
Øvrige opplån	Kroner 11 490 000
Startlån	Kroner 10 000 000

Kommunedirektør blir delegert myndigheit til å ta opp lån og godkjenne endelege lånevilkår, avdragstid, rente og å binde renta for lån innarbeida i budsjettet og vedtatt av kommunestyret, jf. finansreglement. Avdragstid og sum må vera innanfor grenser som kommunelova setter, jf. Kommunelova § 50 nr. 7. Delegeringa gjelder i heile lånet si løpetid.

Skatt

7. Skattesatsane for inntektsskatt og formueskatt skal være i samsvar med maksimalsatsane vedtatt i Stortinget sitt skattevedtak.

8. Eigedomsskattevedtak for året 2023 i Sauda kommune:

For eigedomsskatteåret 2023 skal det også skrives ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald til overgangsregelen til eigedomsskatteleva §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er grunna nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blei sett på som næringsseigedom.

Verkeområde

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næring og faste eigedommer i heile kommunen. Jf. lov om eigedomsskatt til kommunene (eskl.) § 3 første ledd, bokstav a.

a) Eigedomsskattesats:

- a. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf. eskl. § 11 første ledd.
- b. Differensiert skattesats for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendig bustaddel, med tilhøyrande tomt, for 2023 er 4 promille, jf. eskl. § 12 bokstav a).
- c. Nedtrapping av eigedomsskatt for maskiner og installasjonar blir gjort med 1/7 del kvart år frå og med 2019.

b) Takstvedtekter:

- a. Takstvedtektene for eigedomsskatt i Sauda kommune blei vedtatt i kommunestyret 12. desember 2012, sak 109/12.

c) Terminar:

- a. Eigedomsskatten blir skrevet ut i fire terminar, jf. eskl. §25 første ledd.

d) Takstar:

- a. Taksering fra 2013 ligg til grunn for satsar.

e) Unntak frå eigedomsskatt i forhold til eigedomsskattelova § 7 a og b

Kommunestyret vurderer om eigedom tilhørende andre stiftelser/ organisasjonar fritas fra eiendomsskatt på grunnlag av søknad.

9. Kommunestyret vedtar å ta etterreguleringar/utrekning av kommunen sine pensjonskostnader, slik det går fram i aktuarberekningar i Kommunal Landspensjonskasse og i Statens Pensjonskasse, over 7 år.

Verbalforslag

10. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftverk aukast med kroner 12 650 140. Avsetning til disposisjonsfond aukast med tilsvarende beløp.

11. Kommunestyret aukar trekket i rammetilskot som følgje av ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft til totalt 52 millionar kroner. Rammetilskudd reduserast med 41 millionar kroner og avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarende.

12. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram økonomistatus og oversikt over budsjettkontroll for drift i alle ordinære formannskapsmøte som ikkje har tertialrapportering. Ferdigstilte prosjekt skal rapporterast i påfølgande tertialrapport med eit forenkla prosjektrekneskap for prosjektet samla. Det skal og rapporterast på oppfølging av politiske vedtak.

13. Kommunestyret ser med bekymring på bruken av kraftinntekter inn i drifta av kommunen. Det er ei forventning om at arbeidet med Omstilling Sauda 2025 gir resultat allereie i 2023. Formannskapet skal orienterast fortløpande om arbeidet med Omstilling Sauda 2025. Det skal ved tertialrapportering rapporterast om framdrift i omstilling Sauda 2025 og vidare planar for å styrka drifta til Sauda kommune. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei budsjettjustering i 1. tertial der årseffekten av innførte PWC-tiltak og oppdaterte prognosar på kommunens utgifter til straum er med.

14. Støtte til næringslivet.

Kommunestyret er uroa for korleis næringslivet i kommunen skal handtera det høge prisnivået på varer og straum gjennom vinteren og året 2023. Kommunen har ekstraordinære inntekter i 2023, og kommunestyret vedtar å sette av 10 millionar av dette for støtte næringslivet i kommunen. Ordninga blir eit-årleg og er knyta opp til dei ekstraordinære inntektene kommunen får frå kraftsal. Dette grepet vil derfor ikkje auke driftsnivået til kommunen i framtida. Fleire kraftkommunar rundt oss (bla. Hjelmeland, Suldal og Ullensvang) har innført eller gjort vedtak om ulike ordningar til næringslivet. For Sauda KF får i oppdrag å laga ordningar som passar for Sauda.

Innretning på støtteordning til næringslivet:

- Støtte til bedrifter som har høge ekstraordinære utgifter dei ikkje klarar å henta inn på inntektsida.
- 10 millionar tilføres For Sauda KF i budsjettet. Avsetning til disposisjonsfond reduserast tilsvarende.
- Administrasjonen i For Sauda KF skal utgreie korleis innretninga skal gjerast, og om det skal innførast ulike ordningar for å treffa ulike delar av næringslivet.
- Midlane disponerast av For Sauda KF og kan nyttast til Sauda Bedriftskapital AS og ei eiga støtteordning, samt administrasjon av ordninga.

- Ein skal halda seg innanfor «bagatellmessig støtte» i statsstøtteregelverket.
- Styret i For Sauda KF gjer vedtak om støtte til bedrifter.
- Ordninga er midlertidig - og skal avsluttast om det ekstraordinære kostnadsnivået normaliserer seg. Då kan midlane nyttast av For Sauda KF til anna næringsutviklingsarbeid.
- Ordninga skal ikkje gjelda for kraftintensiv industri.
- Støtte skal ikkje nyttast til utbytte.
- Kommunestyret skal ha ordninga til politisk behandling og haldast orientert om bruken av ordninga.

15. Kommunestyret subsidierer kommunale avgifter på vatn med 2,3 millionar kroner og 1,7 millionar kroner på avløp i 2023. Beløpa tilsvarar auka straumutgifter på område vatn og avløp frå 2022 til 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å justera sjølvkostgebyra på vatn og avløp for 2023 med denne endringa. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 4 millionar kroner.

16. Kommunestyret ber om ei orienteringssak om status på VA-området. Saka skal belysa investeringsbehov og etterslep på VA-nettet og utgifter til årlege reoperasjonar - og kva som ligg under VA rammeplan.

17. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om økonomiske vanskar blant innbyggjarar i Sauda. Saka skal gi kommunestyret kunnskapsgrunnlag, vurdere om det er behov for tiltak, og ei utgreiing av korleis ein best kan nå målgruppa med tiltak. Tiltak som kan gjera terskelen lågare for å kontakta Nav skal belysast og om Sauda kommune praktiserer avkorting i stønad når staten aukar sine stønader. Kommunestyret ber om kommunedirektøren vurdere korleis Kulturkortet betre kan treffa aldersgruppa 15 - 18 år i saka.

18. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram sak til kommunestyret der ein ser på moglegheiter for brukarbetaling eller privatisering av kommunale vegar og parkeringsplassar der det er eit ønske frå grunneigarar og hytteforeiningar. Saka må sjåast i samanheng med PWC-tiltak #N9 og #N10.

19. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak første halvår 2023 om etablering av minnelund. Saka skal belyse plassering, utforming og kostnad.

20. Kommunestyret aukar posten i næringskapittelet for løypekøyning til 800 000 kroner. Avsetning til disposisjonsfond reduserast med 400 000 kroner.

21. Bustadsutvikling - Styringskort for Næring og samfunn oppdaterast med eit nytt overordna mål: - Fremma ei attraktiv og aldersvennleg bustadutvikling med bustader for både sal og utleige.

22. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om planar for solceller på kommunale bygg. Saka skal visa kunnskapsgrunnlag. Det legges inn prosjekteringsmidlar i 2023 og investeringsmidlar i 2024 til prosjektet i budsjettet.

23. Vegar til utfartsområde legges inn i investeringsplanen som prosjekt E10. Midlane skal prioriterast etter kommunestyrevedtak i sak 081/2018.

24. Kommunestyret vedtek følgande endring i gebyrregulativet: Tillegg til kapittel 1 §5 og punkt d) Plansaker etter kapittel 12:

Følgande reguleringsformål er fritatt for arealgebyr:

- LNFR-områder(pbl § 12-5, nr 5)
- Friområde til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 3)
- Grav- og urnelundar(pbl § 12-5, nr 1)
- Områder for naturvern(pbl § 12-5, nr 5)
- Vern av kulturmiljø eller kulturminne(pbl § 12-5, nr 5)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur som skal være til offentleg formål(pbl § 12-5, nr 2)

25. Kommunestyret ber kommunedirektøren oppdatere investeringsplanen etter vedlegg «Investeringsplan 2023-2026 - politisk behandling». Kommunestyret vedtek følgande endringar i Investeringsbudsjettet:

NR	Beskrivelse av prosjekt	Type	2023	2024	2025	2026
B1	Kjøleanlegg til ventilasjonssystem ungdomsskulen	Bygg		0		
B8	Prosjektressurs investeringstilskudd	Bygg	400 000	400 000	400 000	400 000

B20	Solceller kommunale bygg	Bygg	1 000 000	9 000 000	3 000 000	
C1	Bølgebryter Treaskjæret	Havn	200 000	5 000 000		
E10	Vegar til utfartsområde	Veg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
F1	Aktivitetspark	UPI	800 000	800 000	800 000	800 000
F6	Ny kunstgressmatte	UPI	100 000	3 900 000		
G19	Prosjektressurs	VAR	0			

26. Kommunedirektøren oppdaterer tabellar i Budsjett og Økonomiplan med endringar frå overståande verbalpunkt.

Driftsbudsjett 2023

	Budsjet 2023		Kommentar
	Kommunedir.	Kommunestyre	
Rammetilskudd	-175 317 702	-134 317 702	+41M (konesjonskrafttrekk)
Inntekts- og formuesskatt	-140 000 000	-140 000 000	
Eiendomsskatt	-31 548 949	-44 199 089	E-skatt kraftverk -12M (12 650 140)
Andre skatteinntekter	-26 665 000	-26 665 000	
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-27 700 000	-27 700 000	
Overføringer og tilskudd fra andre	-70 330 363	-70 330 363	
Brukerbetalinger	-14 517 826	-14 517 826	
Salgs- og leie inntekter	-333 065 918	-329 065 918	VA gebyr +4M
SUM DRIFTSINTEKTER	-819 145 758	-786 795 898	
Lønnsutgifter	330 779 759	330 779 759	
Sosiale utgifter	79 267 799	79 267 799	
Kjøp av varer og tjenester	152 328 858	152 328 858	
Overføringer og tilskudd til andre	67 042 064	77 442 064	+400k løypekj. +10M strømstøtte
Avskrivninger	42 134 429	42 134 429	
SUM DRIFTSUTGIFTER	671 552 909	681 952 909	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-147 592 849	-104 842 989	
Renteinntekter	-1 186 250	-1 186 250	
Utbytter	0	0	
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 800 000	-2 800 000	
Renteutgifter	27 574 750	27 574 750	
Avdrag på lån	38 856 332	38 856 332	
NETTO FINANSUTGIFTER	62 444 832	62 444 832	
Motpost avskrivninger	-42 134 429	-42 134 429	
NETTO DRIFTSRESULTAT	-127 282 446	-84 532 586	
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	
Overføring til investering	0	0	
Avsetninger til bundne driftsfond	7 824 408	7 824 408	
Bruk av bundne driftsfond	-7 853 930	-7 853 930	
Avsetninger til disposisjonsfond	139 685 541	152 335 681	Justert +12M i E-skatt
Bruk av disposisjonsfond	-12 373 573	-67 773 573	Justert -41M -4M -400k -10M
Bruk av tidligere års mindre forbruk	0	0	
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	
DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	127 282 446	84 532 586	
FREMFORRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	
Brutto driftsresultat i prosent	18,02	13,33	
Netto driftsresultat i prosent	15,54	10,74	